

MAKOMP

MARITIMT KOMPETANSEPROSJEKT



MAFOSS og lokalt næringsliv samarbeider om å prøve ut eit nytt konsept som vi kallar MAKOMP. Vi har ilag sett på bemanningsutfordringane i den maritime klynga lokalt, med variert tilgang på oppdrag og store variasjonar i bemanningsbehov. Både tilsette og bedriftene ønsker meir stabile og trygge arbeidsplassar. Ei løysing kan vere å leige ut og inn personell mellom bedriftene ved behov. Gjennom dette prosjektet vil MAFOSS vere ei felles plattform med samkørde reglar, der bedrifter melder inn ledig kapasitet eller behov for å leige inn personell.

Målsetjing

Målsetjinga er å **trygge arbeidsplassar**, verne om- og utvikle tilsette sin **kompetanse** og å styrke bedriftene si **konkurranskraft** gjennom betre tilgang til fagressursar.

Du har kanskje allereie vore utleigd til ei anna bedrift, eller kjenner nokon som har vore utleigd? Prinsippet er det same, berre no satt i system og gjort enklare og meir effektivt for bedriftene.

Arbeidskraft og kompetanse er dei viktigaste ressursane for bedriftene, og tilgang til god kompetanse er avgjerande for bedriftene si konkurranskraft og suksess. For bedriftene vil prosjektet bety auka evne til å møte svingingar i marknaden, styrka samarbeid med andre bedrifter og redusert risiko for permitteringar.

Både tilsette, bedriftene og lokalsamfunnet nyt godt av samarbeid. Dess meir robust bedriftene er, dess meir robust er arbeidsmarknaden og dess tryggare er arbeidsplassane. Eit godt fungerande næringsliv har verknad for kjøpekrafta i lokalsamfunnet, kommunen sin økonomi, utvikling av lokal-samfunnet, barn og unge sine oppvekstvilkår og yrkesval- og moglegheiter for ungdom.

Kven?

Faste tilsette i bedrifter som deltar i prosjektet, etter vurderingar frå kvar einiskild bedrift og samtykke frå den einiskilde tilsette.

Kva?

Inn- og utleige av tilsette mellom bedriftene gjort enklare, meir effektivt og tilgjengeleg.

Kvifor?

Tryggare arbeidsplassar for folk og betre tilgang på kompetanse for bedriftene.

Korleis?

Prosjektet vert eit bindeledd mellom bedriftene ved å ha oversikt over tilgjengeleg kompetanse og kople dette mot behov i bedriftene. Bedriftene skriv sjølve avtalar seg i mellom når koplinga er gjort.

PROSJEKTET ER BASERT PÅ FRIVILLIGHEIT OG
ENDRAR IKKJE DINE RETTAR SOM TILSETT

Kva betyr det for deg å delta?

Du har din faste jobb hjå din arbeidsgjevar som før og får løn frå din arbeidsgjevar som normalt. Ansiennitet, ferie, avtalte permisjonar mm vert ikkje påverka. Dersom du vel å ta del i prosjektet og står i fare for å verte permittert eller har lite arbeid i eiga bedrift, kan du i ei avgrensa periode få ein annan oppmøtestad. Men det er din arbeidsgjevar som vurderer om det er aktuelt å leige ut akkurat deg til ei anna bedrift. Du bidreg til å trygge arbeidsplassen din og får ei moglegheit til å utvikle kompetansen din. Du vil også utvide nettverket ditt og å få meir variasjon i din arbeidskvardag.

Kontaktinfo: Jannike Tuvik Skarbø, prosjektleiar

Mail: jannike@mafoss.no, mob: 413 23 176

www.mafoss.no